

Uttale ved 2. gongs høyring til kommuneplanen sin arealdel

Uttalen gjeld Heiane Sør: Ho14a, 14b, Ho14c og Ho14d – Næringsareal Heiane sør
Gnr/bnr 46/4 m.fl.

Det nye framlegget til arealbruk av Heiane sør endrar lite, slik me ser det. Det vert lagt opp til å bruka eit mindre areal enn ved 1. gongs høyring, men det arealet som er att, er det mest verdifulle når det gjeld den trua regnskogen, samstundes som det fragmenterer skogen. Dette er svært negativt både for dei særreigne regnskogsartane og for fuglelivet i området. Det vert ofte argumentert med at ein skal prøve å bevare noko av arealet sjølv om det vert utbygd. Sidan regnskogslokalitetane er så avhengige av lokalklimatiske faktorar, må ein rekna ei buffersone på minst 150 m rundt slike lokalitetar for at dei ikkje skal bli påverka. Såleis er heile det aktuelle området som står i fare for å bli bygd ut, bunde opp. Det er uforståeleg at lokalpolitikarar på Stord er villige til å byggja ned ein av dei mest sjeldne naturtypene vi har i Noreg, og som me difor har eit særleg ansvar for å ta vare på. Det burde vera nok næringsareal igjen på Stord utan at ein treng å byggja ned verdifull natur. Når brakkene på Heiane forsvinn, blir eit stort areal frigjort. I tillegg er det areal bak Sparkjøp og Rusta som allereie delvis er brukt til næring. Dette arealet har heller ikkje regnskog og er dermed mykje mindre konfliktfullt når det gjeld naturmangfald. Det må òg vera eit mål å utnytta areala betre enn det ein i dag ser på Heiane, der det meste er i éin etasje med store parkeringsareal utanfor. Det kan verka som om politikarar og utbyggjarar trur det er ubegrensa med areal å ta av.

Me viser difor til høyringsuttalen ved 1. gongs høyring der me peikar på dei viktige naturressursane dette området har og meiner at alt som står der i tillegg til det som er skrive ovanfor, uttrykkjer vårt syn på saka:

Utdrag av uttale ved 1. gongs høyring

Sunnhordland og Stord kommune har nokre av dei største førekomstane av boreonemoral regnskog i landet. Dette er ein trua naturtype som Noreg, og dermed Stord, har et særleg ansvar for å ta vare på. Mykje av skogen har forsvunne som følgje av utviding av næringsområde. Nesten all skog som no omkransar Heiane næringsområde, har store førekomstar av denne naturtypen (Naturbase.no) – med store innslag av svært sjeldne og raudlista artar av lav (Artskart.no). Vi vil sterkt rå ifrå at Heiane sør blir lagt ut til industriområde.

Også fuglelivet er spesielt i dette området. Ikkje minst gjeld dette hønsehauken, som har hatt ein kraftig tilbakegang på landsbasis og som no står oppført som trua på den norske raudlista. Hønsehauken treng eit stort areal med eldre skog for å kunna hekka og få fram ungar, og ei nedbygging av delar av skogen på Heiane/Digernes-halvøya kan få store negative følgjer for eit av dei svært få para som er att i kommunen. Fire hekkande hakkespettar tilseier at skogen har spesielle kvalitetar også for denne fuglegruppa. Særleg gjeld dette kvitryggspetten, som i heile Vest-Europa berre har ein livskraftig

bestand på Vestlandet. Sjansen for at det vil dukka opp fleire sjeldne og raudlista artar er svært stor.

Digernes-halvøya er eit viktig rekreasjonsområde. Den idylliske bygdevegen gjennom skogen er ei oppleving i seg sjølv for turgåarar. Sentrale turstiar i sjølve skogen vert avskorne slik planen ligg føre.

Næringsaktiviteten på Heiane har alt kravd store areal. Det er påfallande at ein nesten berre har utvida området med lågbygg på éin etasje, noko som er dårleg arealutnytting. Med utgangspunkt i FN sitt naturpanel og Montreal-avtalen, der det blir påpeika og grunnleggjort kor alvorleg naturkrise er og kor negativt det er å byggja ned natur, vil me sterkt oppmoda kommunen om å tenkja heilt nytt i denne samanhengen.

Naturvernforbundet på Stord

BirdLife Sunnhordland

Sunnhordland Botanisk Forening